

**PROTOKOLL****Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS****Møte: 2-2018****Tid: Fredag 7. desember 2018 kl. 10:00 - 11:00****Stad: Meland rådhus****Til stades:**

Ordfører:	Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Nina Bognøy (Lindås), Nils Marton Aadland (Meland), Tom Kristin Thorsen (Modalen) Jarle Skeidsvoll (Osterøy), Jostein Borlaug (Radøy)
Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen
Styret NUI:	Håkon Matre
NUI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv

<b>Sak 8/18</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
<b>Sak 9/18</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll</b> Nestleiar i Representantskapet Per Lerøy leiar møtet då leiar Karstein Totland har forfall.  <b>Samrøystes vedtak:</b> Tom Kristian Thorsen og Jostein Borlaug vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 10/18</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll frå Representantskap 1-2018</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2018 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 11/17</b>	<b>Orientering frå NUI</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for drift, arbeidsoppgåver og prosjekt i NUI.  <b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet tar orienteringa til vitande.
<b>Sak 12/17</b>	<b>Godkjenning budsjett 2019 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2019. Styret godkjente budsjettet i styremøte 22. november 2018.

**Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak:**

*Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2019. NUI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.*

**Samrøystes vedtak:**

Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2019.

NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.

Frekhaug, 7. desember 2018

Per Lerøy

Nesteleiar Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Tom Kristian Thorsen  
Medlem Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Jostein Borlaug  
Medlem Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS